



FINANSTILSYNET

THE FINANCIAL SUPERVISORY
AUTHORITY OF NORWAY

Rundskriv

Formidling av prisopplysninger ved marknadsføring og sal av verdipapirfond

RUNDSKRIV:

1/2024

DATO:

14.02.2024

RUNDSKRIVET GJELD FOR:

Forvaltningsselskap for verdipapirfond

Verdipapirforetak

Bankar

FINANSTILSYNET

Postboks 1187 Sentrum

0107 Oslo

1 Innleiing

Prisen på verdipapirfond har stor betydning for den framtidige avkastinga til andelseigarane. Prisen er derfor ein viktig faktor når kundane veljer verdipapirfond og i den løpande vurderinga av investeringa.

Endringar dei seinare åra har ført til at det er ulike prismodellar for verdipapirfond i marknaden. Dei ulike elementa som no kan inngå i totalprisen saman med forvaltingsgodtgjersla, som plattformgebyr og i nokre tilfelle òg returprovisjon, har auka kompleksiteten. Som ein konsekvens av utviklinga, kan prisen på eitt og same verdipapirfond vere ulik, avhengig av kva for distributør kunden bruker.

Finanstilsynet sine undersøkingar viser at prisen på verdipapirfond kan vere lite tilgjengeleg for kundane. Fleire fondsdistributørar, både forvaltningsselskap, bankar, verdipapirføretak og tilknytta agentar må formidle prisopplysningar betre når dei marknadsfører og sel fond. Meir tilgjengelege og forståelege prisopplysningar vil gjere det enklare for kundane å treffe informerte beslutningar om investeringane sine, og det vil kunne styrke konkurransen i fondsmarknaden.

Rundskrivet utdyper kva Finanstilsynet vil legge til grunn når tilsynet følger opp korleis fondsdistributørane informerer om prisen på verdipapirfond som blir marknadsførte og selde til forbrukarar og andre ikkje-profesjonelle kundar.

Rundskrivet gjeld føretaka si formidling av prisopplysningar i digitale informasjons- og marknadsføringskanalar, mellom anna på nettsider – både opne og dei som krev innlogging – og i mobilapplikasjonar. Sjølv om rundskrivet gjeld den digitale informasjonsformidlinga til føretaka, vil prinsippa her òg gjelde ved marknadsføring og sal gjennom dei andre kanalane til føretaka, som telefon og fysiske møte. Rundskrivet er avgrensa mot formidling av prisopplysningar i prospekt og nøkkelinformasjon om verdipapirfondet og periodiske kostnadsrapportar, der regelverket i all hovudsak stiller standardiserte krav til prisopplysningar.

Føretaka må legge til rette for at kundane faktisk lesar dei periodiske kostnadsrapportane som føretaka sender ut. På bakgrunn av undersøkingar tilrår Finanstilsynet at føretaka varslar andelseigarane via e-post eller SMS om at rapporten er tilgjengeleg, og at rapporten har eit informativt filnamn. Føretaka bør unngå vage namn som «fondsrapport» og «kontoutskrift».

Finanstilsynet forventar at kostnadsrapporten er lett tilgjengeleg for andelseigarane når dei loggar seg inn på nettstaden til føretaket. Dersom føretaka ser at ein stor del av andelseigarane ikkje opnar rapporten, bør føretaka vurdere ytterlegare tiltak for å bidra til at kundane faktisk les rapporten.

2 Formidling av prisinformasjon

2.1 Generelt om prisomgrepet

Ved marknadsføring og sal av verdipapirfond må føretaket opplyse kundane tydeleg om den samla prisen på fondet. «Pris» vil seie alle kostnadene og gebyra som kundane må betale når dei investerer i verdipapirfond. Finanstilsynet forventar at føretaka bruker den metoden som gir kundane den mest dekkande og presise omtalen av den totale prisen, når dei bereknar og fastset prisen. Berekninga skal omfatte dei same underliggande kostnadselementa for alle verdipapirfonda som blir marknadsførte, uavhengig av kor fondet er etablert, slik at prisane som blir presenterte, er samanliknbare. Finanstilsynet forventar òg at føretaka gir tydelege og lett forståelege opplysningar til kundane om berekningsmetoden for prisen, inkludert om kostnadselementa som inngår.

Føretaka bør bruke løpande kostnader og gebyr («ongoing charges») som blir belasta fondet, som utgangspunkt for å berekne prisen. Berekninga bør ta utgangspunkt i kostnadene og gebyra som blei belasta fondet det førre året, men med nødvendige justeringar ved endra forhold.¹ Føretaka må oppdatere prisen ved endringar i forvaltingsgodtgjersle eller andre kostnadselement. I tillegg til dei løpande kostnadene og gebyra må føretaka berekne inn eventuelt plattformgebyr, returprovisjon og eventuelle andre direkte eller indirekte betalningar i prisen.

2.2 Opplysning om prisar – anbefalt praksis

For å vareta kundane i tråd med krava til god forretningsskikk ved marknadsføring og sal av verdipapirfond må føretaka gi forbrukarar og andre ikkje-profesjonelle kundar balansert, klar og ikkje villedande opplysningar om vilkåra og dei viktigste eigenskapane til fondet. Dette inneber at føretaket må opplyse kundane om prisen på fondet på ein god måte.² Informasjonsformidlinga i dei digitale informasjons- og marknadsføringskanalane må gjenspegle at prisen er viktig, slik at kundane kan treffe informerte beslutningar om investeringane sine.

Føretaka må gi prisopplysningar på ein slik måte at kundane enkelt kan finne prisen på fonda som blir tilbudd, og føretaka må opplyse om kostnadene og gebyra som inngår i prisen. Finanstilsynet forventar at føretaka inkluderer og tydeliggjer prisen som ein del av informasjonen i fondslistene sine. Prisen må vere presentert tidleg, sentralt og elles tydeleg på sidene til kvart enkelt fond, slik at prisen blir ein del av blikkfanget på fondssidene. Kundane skal ikkje måtte bla nedover på sida, leite gjennom nedtrekksmenyar, eller på andre måter gå gjennom mykje annan informasjon for å finne prisen. Kundane skal heller ikkje måtte velje «kjøp», eller på andre måtar starte kjøpsprosessen av eit spesifikt fond for å få tilgang til prisopplysningar. Mindre viktig informasjon om fondet skal ikkje vere framheva slik at det går utover prisopplysningane.

¹ Sjå Kommissjonsforordning (EU) nr. 583/2010 art. 10 (2) bokstav b), jf. verdipapirfondforskrifta § 8-2.

² Utleia av krava til god forretningsskikk, jf. verdipapirfondlova § 2-15, verdipapirhandellova § 10-9, jf. òg § 10-10 og finansforetakslova § 13-5 (4).

Prosentvis prisopplysning er viktig for at kundane enkelt skal kunne samanlikne prisar på fond, men erfaringsmessig er det vanskeleg for mange kundar å forstå storleiken og den reelle betydninga av ein prosentvis angitt pris. Finanstilsynet anbefaler at føretaka ikkje berre oppgir prisen i prosent, men òg som eit nominelt kronebeløp på sida til kvart enkelt fond. Ved opplysning om den nominelle prisen kan føretaka ta utgangspunkt i eit tenkt scenario der kunden har investert eit typisk beløp, til eksempel 100 000 kroner.

Ved presentasjonen av prisen må det gå tydeleg fram at prisen ikkje er ein eingongskostnad, men ei løpande betaling. Dette kan til eksempel føretaket gjere ved å opplyse om «årleg pris», eller liknande.

Når føretaka informerer om pris i marknadsføringa av fond bør dei òg forklare kundane betydninga prisen har for forventa avkastning. Finanstilsynet forventar at føretaka viser effekten av prisen slik at kunden blir godt informert om forholdet mellom avkastninga og prisen for fondet. Det kan føretaket gjere ved bruk av grafiske framstillingar.

